



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 22.11.2016
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Jørgen Amdam	Leiar	AP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
Hild Våge	Jørgen Amdam	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjugard	Rådmann
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef, PS 221/16
Henrik Skovly	Økonomisjef, OS 181/16
Andrea Beleuta	Økonomi konsulent, OS 181/16



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 219/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 220/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 186/16	Mellombelse bustader Engesetvegen
OS 184/16	Voldatunell - Deponering av tunellmasse
PS 221/16	Betalingsattsar i SFO, kulturskule og barnehagar 2017
OS 185/16	Orientering om refusjonsordning, utbyggingsavtaler og anleggsbidrag
PS 222/16	Betaling for meklarpakkar/eigedomssopplysningar 2017
PS 223/16	Orienteringssaker
OS 182/16	Kommunereform
OS 181/16	Årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020
OS 183/16	Status anbudsprosess lokale NAV Ørsta/Volda

PS 219/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Sakliste:

Rådmannen kom med framlegg om at følgjande orienteringar vert sett på saklista:

- Orientering om refusjonsordning, utbyggingsavtaler og anleggsbidrag ved kommuneadvokat Reidar Andresen
- Tunellmasse frå Voldatunellen
- Orientering om arbeidsmiljøundersøkinga i helse og omsorg på neste møte.

Dan Bjørneset reiste spørsmål om mellombelse bustader på sist møte den 15.11.16.

Anders Straume kom med ei påminning om tidlegare reist spørsmål, i møte den 06.09.16, vedk. bruk av driftsbygningar til næringsføremål på bygdene. Påminninga vil gå vidare til utviklingssektoren og landbruksavdelinga.



VOLDA KOMMUNE

Sølvi Dimmen kom med påminning vedk. svar på førespurnad om trafikktryggingstiltak ved Vikebygdvegen.

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om status for Haugevegen. Er det valt entreprenør og når vert saka lagt fram for kommunestyret for handsaming?

Røysting:

Innkalling og sakliste, med tillegg frå rådmannen og spørsmål frå, Dan Bjørneset, Anders Straume, Sølvi Dimmen og Odd A. Folkestad vart samrøystes godkjent.

PS 220/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 15.11.16, vart samrøystes godkjent.

OS 186/16 Mellombelse bustader Engesetvegen

Dan Bjørneset reiste spørsmål om dei mellombelse bustadane i Engesetvegen på sist formannskapsmøte, den 15.11.16. I møtet fekk formannskapet informasjon om at eigarane av Gamle gymnas var positive til at dei mellombelse brakkene kan verte ståande til kommunen har klargjort kva dei skal brukast til. Dette meiner Dan Bjørneset ikkje er i samsvar med det han har fått opplyst i etterkant av møtet. Rådmannen informerte om at grannane og eigarane av Gamle gymnas vert kalla inn til møte, der spørsmålet vil verte drøfta.

OS 184/16 Voldatunell - Deponering av tunellmasse

Gunnar Strøm fekk permisjon frå kl. 12:15.

Dan Bjørneset reiste i møte den 15. november, spørsmål om bruk av tunellmasse frå Voldatunellen. Arealplanleggar Per Heltne informerte om at det er Statens vegvesen som i utgangspunktet disponerer overskuddsmasse frå Voldatunellen. Statens Vegvesen har planar om deponi i Furene og ev også tidlegare deponi på Digerneset. Formannskapet uttrykte ynske om at administrasjonen vurderer mogleg deponi for utfylling i Volda sentrum.

Gunnar Strøm tok sete kl. 12:30.

PS 221/16 Betalingssatsar i SFO, kulturskule og barnehagar 2017

Administrasjonen si tilråding:



VOLDA KOMMUNE

1. Skulefritidsordningane

Betalingssatsar for skulefritidsordningane frå 01.08.2017:

Sentrum: pr månad i 11 månader : 1-3 dagar pr. veke : kr 1 740,-
: 4 dagar pr. veke : kr 2 270,-
: 5 dagar pr. veke : kr 2 800,-

Matpengar pr månad : 1-3 dagar pr. veke : kr 111,-
: 4 dagar pr. veke : kr 163,-
: 5 dagar pr. veke : kr 205,-

Dei andre krinsane: pr månad i 10 månader: 16 timar pr veke : kr 2 080,-

I skulefritidsordningar med avvikande opningstid vert betalinga utrekna i høve til prisen for 16 timars opningstid.

Enkelttimesatsen for alle skulefritidsordningane vert sett til kr 120,-.

For alle ordningane vert det gitt same syskenrabatt som i barnehagane.

Barn nr 2: 30%. Barn nr 3: 50%

Det vert ikkje gitt syskenrabatt mellom barnehage og SFO.

2. Volda kulturskule

Betalingssatsar for Volda kulturskule frå 01.08.2017:

Pr semester for undervisning individuelt og i smågrupper: kr 1800,-

Pr semester for instrumentleige : kr 260,-

Pr semester for materiell i kunstskulen : kr 260,-

Det vert gitt 25 % syskenmoderasjon for elev nr 2 og fleire.

Det vert gitt 25 % moderasjon for instrument nr 2 og fleire for elevar som er påmeldt fleire instrument/disiplinar.

3. Barnehagane

Betalingssatsar for Mork, Engeset, Oppigarden, Sollia og Austefjord barnehagar frå 01.01.2017 (med atterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):

Pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 2 730,-

Matpengar pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 360,-

Betalingssatsar for Folkestad og Lauvstad barnehagar frå 01.01.2017

(med atterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):

Pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 2 730,-

Pr. månad i 11 månader : 80 % plass – 4 dagar pr. veke: kr 2 550,-

Matpengar pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 360,-



VOLDA KOMMUNE

Matpengar pr. måned i 11 månader : 80 % plass – 4 dagar pr. veke: kr 290,-

Syskerabatt for barn nr. 2: 30 % og for barn nr. 3: 50 %

Syskenrabatt gjeld for barnehageplass innanfor kommunen, og gjeld barnehageplass i både kommunal- og privat barnehage.

Handsaming

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvoll orienterte om saka.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster og vart vedteken, Odd A. Folkestad røysta imot.

Tilråding i formannskapet - 22.11.2016 til kommunestyret:

1. Skulefritidsordningane

Betalingssatsar for skulefritidsordningane frå 01.08.2017:

Sentrum: pr måned i 11 månader

<i>: 1-3 dagar pr. veke</i>	<i>: kr 1 740,-</i>
<i>: 4 dagar pr. veke</i>	<i>: kr 2 270,-</i>
<i>: 5 dagar pr. veke</i>	<i>: kr 2 800,-</i>

Matpengar pr måned

<i>: 1-3 dagar pr. veke</i>	<i>: kr 111,-</i>
<i>: 4 dagar pr. veke</i>	<i>: kr 163,-</i>
<i>: 5 dagar pr. veke</i>	<i>: kr 205,-</i>

Dei andre krinsane: pr måned i 10 månader: 16 timar pr veke : kr 2 080,-

I skulefritidsordningar med avvikande opningstid vert betalinga utrekna i høve til prisen for 16 timars opningstid.

Enkelttimesatsen for alle skulefritidsordningane vert sett til kr 120,-.

For alle ordningane vert det gitt same syskenrabatt som i barnehagane.

Barn nr 2: 30%. Barn nr 3: 50%

Det vert ikkje gitt syskenrabatt mellom barnehage og SFO.

2. Volda kulturskule

Betalingssatsar for Volda kulturskule frå 01.08.2017:

Pr semester for undervisning individuelt og i smågrupper: kr 1800,-

Pr semester for instrumentleige : kr 260,-

Pr semester for materiell i kunstskenen : kr 260,-

Det vert gitt 25 % syskenmoderasjon for elev nr 2 og fleire.



VOLDA KOMMUNE

Det vert gitt 25 % moderasjon for instrument nr 2 og fleire for elevar som er påmeldt fleire instrument/disiplinar.

3. Barnehagane

Betalingssatsar for Mork, Engeset, Oppigarden, Sollia og Austefjord barnehagar frå 01.01.2017 (med atterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):

Pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 2 730,-
Matpengar pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 360,-

Betalingssatsar for Folkestad og Lauvstad barnehagar frå 01.01.2017 (med atterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):

Pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 2 730,-
Pr. måned i 11 månader : 80 % plass – 4 dagar pr. veke: kr 2 550,-

Matpengar pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 360,-
Matpengar pr. måned i 11 månader : 80 % plass – 4 dagar pr. veke: kr 290,-

Syskerabatt for barn nr. 2: 30 % og for barn nr. 3: 50 %

Syskenrabatt gjeld for barnehageplass innanfor kommunen, og gjeld barnehageplass i både kommunal- og privat barnehage.

OS 185/16 Orientering om refusjonsordning, utbyggingsavtaler og anleggsbidrag

Kommuneadvokat Reidar Andresen orienterte formannskapet om bidrag til tekniske anlegg.

PS 222/16 Betaling for meklarpakkar/eigedomssopplysningar 2017

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vedtek fylgjande betalingssatsar for meklarpakkar/eigedomssopplysningar gjeldande frå 01.01.2017:

<u>Leveringstid – arbeidsdagar</u>	<u>Pris inkl mva</u>
1-7 dagar	kr. 2.015,-
8-10 dagar	kr. 1.425,-
11 dagar eller meir	kr. 530,-

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

Tilråding i formannskapet - 22.11.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek fylgjande betalingssatsar for meklarpakkar/eigedomssopplysningar gjeldande frå 01.01.2017:

<u><i>Leveringstid – arbeidsdagar</i></u>	<u><i>Pris inkl mva</i></u>
<i>1-7 dagar</i>	<i>kr. 2.015,-</i>
<i>8-10 dagar</i>	<i>kr. 1.425,-</i>
<i>11 dagar eller meir</i>	<i>kr. 530,-</i>

PS 223/16 Orienteringssaker

OS 182/16 Kommunereform

Fride Sortehaug og rådmannen orienterte om status for arbeidet til den mellombelse fellesnemnda.

OS 181/16 Årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020

Økonomisjef Henrik Skovly og økonomikonsulent Andreea Beleuta var til stades under handsaminga av saka.

Formannskapet reiste spørsmål til administrasjonen om årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020.

Gunnar Strøm fekk permisjon kl. 13:45, det var åtte røystefore i framhald av møtet.

OS 183/16 Status anbudsprosess lokale NAV Ørsta/Volda



VOLDA KOMMUNE

Møtet slutt kl. 15:00

Rett utskrift
Volda kommune, servicekontoret
22.11.2016

Sonja Håvik
konsulent